

Til Lindås kommune

## Uttale - Framlegg til forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2015-2016

Utdanningsforbundet Lindås har sett på ”framlegg til forskrift om ferie- og fridagar 2015-2016” og har følgjande kommentarar:

- Vi ønskjer at vinter- og påskeferien ikkje blir slått saman, men at vinterferien i staden blir tatt i veke 7 (ev.veke 8). Elevfri dag 8/2 blir då flytta til ein av dagane i vinterferieveka.

Dette meiner vi er ein betre pedagogisk løysing både for dei minste elevane og for elevar i ungdomsskulen som etter påske begynner oppkøyinga mot eksamen. Det kan òg vera godt for elevane å få eit avbrekk i vintermånadene.

- Vi ønskjer at det blir elevfri måndag 21. og tysdag 22.desember.

Vi meiner at to inneklemtedagar rett før jul blir lite effektive på skulane.

- Dei to dagane som vi ønskjer flytta frå desember kan takast igjen anten ved å starta skuleåret to dagar tidlegare eller ved å gå to dagar lenger i juni.
- Vi vil elles peika på det vi òg skreiv hausten 2012 og 2013, at det er ønskjeleg at fristen for å søkja om å flytta på elevfrie dagar vert noko seinare enn oppsett, t.d. 15.september. (I fjor blei datoen flytta til 1.okt etter høyringsrunden).

Styret i  
Utdanningsforbundet Lindås

Laila Rydland, leiar